



Vår dato: 19.02 2019

NVE Region Sør
Postboks 2124
3103 Tønsberg

Høyring av tiltaksplan for biotoptiltak i nedre delar av Mår og Gjøyst – høyringsfråsegn frå Aust-Telemark vassområde

Øst-Telemarkens brukseierforening (ØTB) har fått utarbeidd ein tiltaksplan for habitatforbetrande tiltak i Mår og Gjøyst, og har søkt NVE om godkjenning av planen. Tiltaksplanen er laga av ØkoGrønt AS. NVE har sendt planen på ei begrensa høyring med frist 22.02.2019 for tilbakemelding. Dei omsøkte tiltaka er heimla i naturforvaltningsvilkåra i konsesjonen for Mårvassdraget av 22.05.1998.

Etter oppdrag frå ØTB utførte Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo (UiO) i 2013 ei fiskeribiologisk undersøking i nedre delar av Mår og Gjøyst, publisert i rapporten *Fiskeribiologisk undersøkelse i nedre del av elvene Mår og Gjøyst i Tinn kommune* (UiO-rapport 35:2014). Formålet med undersøkinga var å karakterisere elvane basert på bunndyr og fisk, vurdere lokalitetane som gyte- og oppvekstelv for Tinnsjø-aure, og foreslå tiltak for å oppnå vassforskrifta sitt mål om godt økologisk potensial (GØP) i regulerte elvar. Rapporten konkluderer med at målet i vassforskrifta om fri fiskevandring bør ivaretakast i Mår ved at det blir etablert vandring like langt som før reguleringa. Vidare blir det tilrådd å gjennomføre habitatforbetrande tiltak både i Mår og Gjøyst, t.d. utgraving av kulpar og utlegging av gytesubstrat. UiO-rapporten, saman med ei synfaring i vassdraga 12.09.2018, dannar grunnlaget for dei foreslåtte tiltaka i planen.

Høyringsfråsegn

Aust-Telemark vassområde tok initiativ til synfaringa i Mår og Gjøyst hausten 2018. Bakgrunnen var m.a. å få vurdert konkrete tiltak i elveløpet som kan auke oppvandring og gyting av Tinnsjø-aure i dei to vassdraga. Vassområdet er tilfreds med at ØTB og NVE i etterkant av synfaringa har lagt opp til ei rask framdrift i arbeidet med å få på plass habitatforbetrande tiltak som kan gje auka oppvandring og gyting i elvane.

Forslag til tiltak i nedre del av Mår og Gjøyst er utarbeidd etter same prinsipp som er nytta ved gjennomføring av biotoptiltak i Måna, der det etterkvart er samla mykje erfaring med utforming av habitatforbetrande tiltak. Tiltaksplanen som er sendt på høyring er skissemessig, og omtalar på generelt grunnlag biotoptiltak som vil kunne gje auka oppvandring og gyting av Tinnsjø-aure i nedre delar av vassdraga, t.d. kanalisering av vatnet i ein djupål i motsetning til at det i dag spreier seg over store delar av elvbreidda, utlegging av store steinar, utgraving av kulpar m.m. Vassområdet vurderer tiltaksplanen som er eit godt grunnlag for planlegging av konkrete tiltak.

I følge UiO-rapporten er det sannsynleg at aure før reguleringa av Mår kunne forsere Kaddehøl og vandre heilt opp til Granhølen, som ligg 1,6 km ovanfor Kaddehøl. Med bakgrunn i målet om fri fiskevandring i vassforskrifta, foreslår UiO-rapporten at det bør etablerast ein fiskepassasje ved Kaddehøl. Dette er eit tema som tiltaksplanen ikkje omhandlar. Aust-Telemark vassområde er einig i at det er naturleg å vente med å vurdere dette tiltaket inntil ein kjenner kor stor effekt dei habitatforbetrande tiltaka vil ha på gytevandringa i elva, men vil understreke at ein fiskepassasje bør takast opp til vurdering dersom det viser seg at biotoptiltaka gjev auka gytevandring av Tinnsjø-aure. Vandring forbi fossen vil kunne gje ei vesentleg lengre gytestrekning og eit større oppvekstområde i Mår, noko som er særleg viktig for storaurestammen i Tinnsjø som er karakterisert som trua. Vassområdet ber derfor om at fiskepassasje ved Kaddehøl kjem inn i saka som eit punkt som skal vurderast på eit seinare tidspunkt.

På eit møte mellom regulanten og grunneigarane i høyringsperioden, der også Tinn kommune og Aust-Telemark vassområde deltok, vart det avtala å gjennomføre ei synfaring sommaren 2019 med tanke på ei meir detaljert planlegging av tiltaksgjennomføringa, m.a. finne naturlege tilkomstar til elvestrengen for anleggsmaskinar, utpeike stader som kan vera eigna for mellombels lagring av massar, sjå på konkrete elvestrekningar som kan vera tenleg for biotoptiltak m.m. Det er ønskeleg at Tinn kommune og Aust-Telemark vassområde også blir involvert i den vidare planleggingsprosessen.

Med helsing

Aust- Telemark vassområde

Ragnar Gunleiksrud (sign)
leiar i styringsgruppa


Liv Rigmor Flå
vassområdekoordinator